

Nr. 3-2019, årgang 54

KYRKJEBLAD

For Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen



**Olav Holm,
vår nye
organist
s. 4**





Kyrkjetrappa

KYRKJEKONTORET I KVITSEID

Telefon: 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid
www.kviteseid.sokn.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Håkon Heggveit
Mobil tlf: 91 18 37 50



Kyrkjevevje
Kristen Salmelid
Kontor tlf: 35 06 81 31
Mobil tlf: 97 04 78 60
post@kyrkjetrappa.no



**Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar**
Jan Haugen
Mobil tlf: 91 12 02 48
[kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no](mailto:kyrkjetenar@kyrkjetrappa.no)



Sokneprest
Møyfrid Lunde
Kontor tlf: 35 06 81 32
Mobil tlf: 46 90 72 31
[sokneprest.kviteseid@
kyrkjetrappa.no](mailto:sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no)



**Trusopplærer og
kyrkjelydssekretær**
Brit Helen Finstad
Kontor: 35 06 81 28
Mobil: 98 85 58 74
tru@kyrkjetrappa.no



Organist
Olav Holm
Mobil: 43 40 11 56
[organist@
kyrkjetrappa.no](mailto:organist@kyrkjetrappa.no)



Prostidiakon
Eilev Erikstein
3880 Dalen
Mobil tlf: 91 11 35 80
eilever@online.no

Om bladet

Ansvarleg redaktør: Møyfrid Lunde.
Framsidedfoto: Sokneprest Møyfrid Lunde
og Olav Bråtveit Holm ved Kilen Kapell 11.
august 2019. Fotograf: Olav Mosdøl
Design: ETN Grafisk.

Gåver:

Bankkonto: 2660.45.14648
Vipps: 88041 (Den norske kyrkja i Kviteseid)

Valhaust

Av sokneprest Møyfrid Lunde



Denne hausten har vi fått velje politikarar til kommunestyre og fylkesting. I kyrkja har vi valt nytt sokneråd og nytt bispedømeråd. Utover hausten skjer det viktige val i mange land.

Det er ikkje berre når vi stemmer at vi gjer viktige val. Kvar dag gjer vi mange val både for oss sjølve og andre. Dei vala vi gjer gjeld ofte både for dagen i dag og for framtida. Heldigvis er det mange val vi kan gjere om på når vi oppdagar at det ber galt av stad.

Eg har mange gonger vært ute og gått og oppdaga at eg er på ville vegar. Då er det alltid tryggast å snu og gå attende den vegen eg kom, inntil eg finn ein stad eg er trygg på.

Det viktigaste av alle val, kan vi likevel ikkje gjere åleine. Det står ikkje i vår makt.

I Bibelen står det at Jesus seier til disiplane sine: «De har ikkje valt ut meg, men eg har valt ut dykk og sett dykk til å gå ut og bera frukt, ei frukt som varer.» (Joh 15,16) Om ikkje Gud hadde valt å sende Jesus til oss, kunne vi ikkje ha fellesskap med han. Om ikkje Jesus hadde vært villig til å

døy for oss, kor skulle vi søkt frelse? Han kunne valt seg ut nokre få som alle meinte var verdige til å ha med Gud å gjere. «Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar.» (Rom 5,8)

Allereie fyrste gong Peter var på fisketur med Jesus vart han redd for at Jesus hadde gjort eit dårleg val. Han ba Jesus om å gå ifrå seg fordi han sjølv var ein syndig mann. Men Jesus svara berre: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.»

Vi har ikkje makta til å velje Gud. Men fordi han har valt oss, treng vi ikkje å frykte verken Gud eller menneske. Vi kan velje å følgje han og invitere fleire med oss i fellesskapet om han.

Derimot har vi fridom til å velje å gå bort frå han. Han tvingar ingen til å gå i lag med seg. Men han står alltid klar til å ta imot den som vel å gå attende til han som er vårt trygge og gode opphav. Då får vi oppleve kva det vil seie at Jesus er vegen, sanninga og livet sjølv. Godt val!

Olav Bråtveit Holm ny organist i Kviteseid

Opp gjennom åra har Kviteseid sokn hatt god ordning for organist-tenesta. Me hugsar ymse personar knytt til dei ymse kyrkjene; som Astrid Sinnes, Malmfrid Sudbø og Tor Peder Lauvstad. Dei siste 33 åra har Dagfinn Køhn hatt stillinga som organist i heile Kviteseid sokn. Då han slutta 1. august 2019, vart Olav Bråtveit Holm tilsett. Sondag 11. august starta han med messa i Kilen kapell. I det høvet har bladet fått ein liten prat med han.

– Kan du nemne litt om bakgrunnen din?

- Eg er fødd i Porsgrunn i 1973, men voks opp i Skiptvet i Indre Østfold. Song og musikk var ein naturleg del av livet i familien, og eg tok klassisk pianoundervisning i oppveksten. Eg fekk prøve meg som organistvikar frå eg var 13 år. Foreldra mine var dirigent og pianist i «Musikkoret Ny Sang», eit generasjonskor som var aktivt på tvers av bedehus- og menighetsgrensene på heimstaden. Eg var aktivt med i ulike typar kor i heile oppveksten og studietida, og tok eitt år på musikklinja i Staffeldtsgate i Oslo.

– Korleis kom du til Kviteseid?

– Eg valde å utdanna meg som sivilingeniør innan fysikk og matematikk, inkludert praktisk-pedagogisk utdanning. Så fekk eg stilling som lektor på Kvitsund Gymnas i 2002 og flytta med familien til Kviteseid. Dei seinare åra har

arbeidet mitt vore knytt til Brunkeberg Oppvekstsenter.

– No blir organiststillinga og musikken din framtidige arbeidsplass?

- Eg opplever det som eit privilegium å få drive musikalsk menighetsarbeid og få løn for det.

Når eg ser tilbake, har eg vore engasjert i slikt arbeid heile livet. Då vi kom til Kviteseid, vart det fyrst og fremst i Kviteseid Misjonskyrkje og etter kvart Kviteseid Soul Children. Eg har fått oppleve at mi musikalske teneste kan bli til velsigning for andre.

– Til slutt vil eg takka Dagfinn Køhn mykje. Han har rydda, organisert og lagt til rette. Gjennom gjerning, ord og oppmuntring har han skapt rom for meg. Fantastisk.

Tekst og foto: Olav Mosdøl



Organist Olav Bråtveit Holm

Takk til Ellen Katrine



Ellen Katrine delar ut roser til konfirmantane.

Inokså nøyaktig 28 år har Ellen Katrine Køhn vore klokkar i Kviteseid kyrkje. I nær sagt kvar einaste messe gjennom året har ho lese bibeltekstar, vore medhjelpar ved dåp og nattverd, gjeve oss informasjon om gudstenesta, gjort praktiske oppgåver osb. Ho har vore godt førebudd og hatt ei stø hand på arbeidet.

Med sitt venlege og imøtekomande vesen har ho vore med og gjort det godt å vere i kyrkja både for kyrkjelyden og dei tilsette. No har ho slutta i stillinga, men ho sluttar ikkje å gå i kyrkja, og ho er open for å vere med i frivillig teneste framover.

«Eg er glad i gudstenesta, og ho gjev meg mykje. Det er litt trist den sundagen i månaden det ikkje er messe i kommunen her. Då prøvar

vi å kome til kyrkje ein annan stad. For meg er gudstenesta ein viktig del av livsrytmen.» Då passar det ikkje å spørje den pensjonerte klokkaren om kva ho skal gjere på sundagane no, men vi kan jo spørje korleis blir det å forlate klokkarstolen. Blir det eit sagn? «Kan hende det, i alle fall blir det litt rart. Men så er det koselig å kunne sitje ved sida av Dagfinn i kyrkjebenken. No blir vi også friare til å kunne reise bort i helgene, og ikkje minst blir det veldig deilig å nyte rolige sundagsfrukostar.»

Mangt og mykje har Ellen Katrine sett og høyr i kyrkja gjennom åra. Å kome på noko spesielt er ikkje så lett i farten, men det dukkar opp eit minne frå ei spesiell nattverd-utdeling. I gudstenesta på Bygdetunet ved 1000-årsjubileet for kristendomen i Noreg i 1995 kom det eit vindkast som spreidde nattverd-oblatane utover som blader i vinden.

«Eg har likt å vere saman med konfirmantene», fortel Ellen Katrine, «og så er det veldig koseleg å treffe gamle elevar som kjem til dåp med borna sine.» Når vi spør om ho har eit ynskje for kyrkja framover, er svaret klart: «At mange må oppleve at det er ein stor verdi i å gå til gudstenesta.» No vil kyrkjelyden takke Ellen Katrine for god og trufast teneste og ynskje henne og Dagfinn mange gode år framover.

Tekst og foto: Øyvind Jørgensen

Nytt om misjonsprosjektet

Kviteseid kyrkjelyd støttar Normisjons arbeid i Nepal, eit prosjekt for å betre tilhøva for kvinner. Liv Wendel, som er tilsett i dette, var heime i Kviteseid på ferie i sommar, og ho kunne fortelje om korleis det går med arbeidet.

Prosjektet i Bajhang varar i 5 år. Det blir avslutta no ved nyttår. Arbeidet er gjort i samarbeid med lokale organisasjonar, og røynslene er gode. «Mange ynskte endring og meldte seg til gruppene våre», fortel Liv. «Det har skjedd meir enn vi venta. T.d. er 70 kvinner no ute av skikken med å måtte flytte ut av huset og inn i jordhytter under menstruasjonen. Denne skikken, som blir kalla chaupadi, set kvinnene i fare for sjukdom, slangebitt og overfall.

Samarbeid med politiet om reglar for alkohol-sal har ført til mindre drikking og mindre vald, og mennene har blitt meir involvert i familie-oppgåver. I alt er det 57 grupper for born, ungdom, kvinner, menn og samfunnsleiarar.»

Liv har hatt eit godt ferie-opphald i Noreg. «Eg har vore mest i Kviteseid. Eg er glad eg har ein god heim å kome til, og eg har vitja familie og vener og vore på fjelltur.» No er ho tilbake i Nepal, der dei arbeider for eit nytt prosjekt, no i nabokommunen. Også det skal fokusere på likeverd og på vald mot kvinner, og det vil byggje på røynslene frå det noverande prosjektet. Søknad går til Digni, ein paraplyorganisasjon for 20 misjonsorganisasjonar og kyrkjer, som kanaliserer støtte frå Norad.



*Tekst og foto:
Øyvind Jørgensen*

*Liv Wendel (t.v.)
i hyggeleg prat
med Gunhild Dobbe
under kyrkjekaffien*

200-årsjubileet for Kviteseid lærarseminar

Brunkeberg kyrkje 26. mai 2019

Lærarseminaret/Kosa-skulen kom i gong i 1819. Det var fleire markeringar i samband med jubileet denne våren; m.a. 26. mai i området der skulen starta, nedafor Brunkeberg.

Same kvelden var det ein times program i Brunkeberg kyrkje. Biskop Stein Reinertsen introduserte grunnlaget for oppstarten av lærarseminaret. Arkivar Kari Lønnestad frå Bø og skodespelar Hæge Manheim frå Seljord framførte eit fint program om Olea Crøger. Olea Crøger vart knytt til lærarseminaret som songlærer sist i 1830-åra. Dei viste gjennom forteljing, song og spel korleis Olea som folkeminnesamlar

og songlærer måtte finne sin plass i eit mannsdominert samfunn. Mannskoret «Ågapet» frå Kviteseid deltok med song.



f.v.: Kari Lønnestad, Stanley Blackburn, Hæge Manheim, Stein Reinertsen

Kyrkjer og kyrkjegardar



Vrådal kyrkje

Ved porten vart det sett opp to flaggstenger i vår, og dei pyntar godt opp framfor kyrkja. No har det også kome brann- og innbrotsalarm.

Langs veggen på bårehuset samlar det seg mykje sand frå riksvegen. Her vil det bli renska opp, og det er tanken å gjere noko med den nedre delen av veggen for å verne han mot sand og sprut. Det er no også meir konkrete planar om å få gjort noko med arealet aust for kyrkjegarden. Då kyrkjegarden vart utvida for omkring 40 år sidan, var det ikkje trong for å opparbeide den

delen. Men heilt frå den tid har tanken vore å få lagt ei rad med steinar mot vegen og å få planert området bak. Slik det ligg no, er det ikkje særleg fint, og grunnen er ikkje godt eigna til å køyre på, men dette skal det altså bli ei endring på.

Kviteseid nye kyrkje

Her er ein i full gang med graving ved bårhuset. I mange år har det vore trong for plass til å få sett maskinar og reidskap innandørs. No skal det byggjast carport og garasjeanlegg i plan med underetasjen på bårhuset. Prosjektet vil gå over fleire år. Det vil også kome hc-toalett for kyrkja. Tidlegare har kyrkjetenarane flytta ein vegg i underetasjen, slik at personalromet er blitt større og betre.

På sjølve kyrkja er blyglasa under restaurering.

Eit stort glas har i sommar blitt teke heilt frå kvarandre og fått nytt bly. No i haust tek fagfolk til med eit til. Det er eit krevjande arbeid. Med nytt bly kan vindauga vonleg stå i nye 100 år.



Halvor Bjåland (t.v.) og Aksel Andersen i arbeid med spontaket på gamlekyrkja.

Kviteseid gamle kyrkje

I vår fekk kyrkja brann- og inn-brotsalarm. No blir spontaket på apsis, det halvsirkelforma utbygget mot aust, rive. Alle dei 5000 nye flisane, som vi har skrive om tidlegare, er ferdige til å bli montert på taket. Dette er tidkrevjande, då kvar einskild flis må bli skanta nærare for å passe inn. Arbeidet på gamlekyrkja blir utført av Halvor Bjåland, Aksel Andersen og Kristoffer Haugen.

Fjågesund kyrkje

Her har det aldri vore lydanlegg, bortsett frå at flyttbare høgtalarar har blitt sett inn ved visse høve. Eit høgtalaranlegg med teleslynge ville vore til stor hjelp for mange. Kyrkjevevja har undersøkt alternativ og prisar for dette. Det ser ut til å kome på rundt 40 000 - 50 000 kr. med montering. Noko av dette kan takast av driftsbudsjettet for 2019 og 2020, men mykje må bli dekt av innsamla midlar. I tillegg til å skrive om dette i Kyrkjebladet, vil ein prøve å få til eit lokalt engasjement i Fjågesund. Saka vart lagt fram for soknerådet 21. august. Soknerådet støttar planen, men kan ikkje tinge innkjøp før minst halve kostnaden er samla inn.

Brunkeberg kyrkje

Dersom alt går bra med arbeidet på gamlekyrkja, er planen å leggje ny spon på tårnet på Brunkeberg kyrkje også i haust.

Takk for di gåve!

Til og med juli har vi gjennom giroane i bladet motteke kr 19.750 fordelt på 69 personar og 75 gåver. Det vil vi seie hjarteleg takk for! På same tid i fjor var hadde vi fått kr 37.000, så vi ligg litt etter med å få dekt kostnadane til trykking og utsending av bladet.



Spleiselag for trusopplæringa

Brit Helen Finstad var alt i juni med på konfirmantleiren på Gjennestad, men frå 1. august er ho på plass i den utvida stillinga som trusopplærar i Kviteseid sokn og er no godt i gang med planleggingsarbeidet. Ho blir med på alle konfirmantsamlingar og alle tiltak for born og unge i kyrkja, og vil prøve å vera ei støtte for alle lag, grupper og kor knytt til trusopplæringsplanen vår.

Til ein stillingsstorleik på 50 % er lønskostnadane stort sett dekt inn, men i tillegg har soknerådet budsjettert med kr 90.000 i gåver. T.o.m. juli er kr 41.500 kome inn.

Vil du bli med på dette spleiselaget? Her er nokre alternative måtar å gje på:

- Kontonummer for enkeltgåver: **2660.45.14648**
- Vipps nr **88041** 'Gåve'
- Be om å få skjema for AvtaleGiro tilsendt. Ring eller send sms til 988 55 874.
- Ordne AvtaleGiro elektronisk frå vår nettside **www.kviteseid.sokn.no** ('Gi ei gåve' under MENY i venstre marg)

Skattefritak på alle gåver!

Vi minner om at det er høve til skattefritak for alle gåver til kyrkja, anten det er via kyrkjebladet, bank eller vipps, eller kontante gåver ved ofring i kyrkja. Dette gjeld både gåver til eiga verksemd og dei som blir sendt vidare til eksterne. Einaste krav er at vi må ha ei melding frå deg om at du vil ha skattefritak, og skattefritaket gjeld berre for samla gåver i 2019 på over kr 500 og inntil kr 50.000. Meldinga frå deg må innehalde personnummeret. Du får då 23 % av dei samla gåvene som fråtrekk på likninga. Nytt dette høvet! Ring oss eller skriv.

Festeavgift for graver

Kommunestyret har fastsett avgifta til kr 200 pr. år. For dei gravene som har forfall i 2019, vil festarane få tilsendt faktura på kr 1000 for neste femårsperiode i oktober. Graver eldre enn 20 år kan slettast, men dei fleste vurderer ikkje sletting før etter 30-50 år. Dei som ynskjer å slette ei eller fleire graver eller har andre spørsmål om graver, kan ringe eller skrive til kyrkjevevja eller kome innom på kyrkjekontoret på kommunehuset.



Hjelp gulfisken ut i sjøen!

Den stakkars gulfisken havner i do og må finne veien gjennom rørene og ut til sjøen. Kan du hjelpe ham?




Finn fem feil!

Noah bygde en stor båt med plass til familien og mange dyr. Gud reddet dem fra oversvømmelsen. De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under?



Fargelegg!



Tegninger: Trevor Keen

Gi barnebladet
Barnas til et barn
du er glad i!

Disse oppgavene
er hentet fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 77 00**



Vitser

Har du hørt om
skipet som var på vei
fra Hongkong til Oslo
lastet med jojoer?
Det sank 143 ganger
på veien.

– Nå kan det
ikke bli verre! sa
pessimisten.
– Å jo, da! sa
optimisten.


Hvorfor hater
kengurumødre regnvær-
s-dager?

Svar: For da må barna
leke innendørs.

Trusopplæringstiltak i haust



På hausttakkefest i september hadde vi ei samling for 4-åringar med undretur i kyrkja før gudstenesta. På gudstenesta fekk 4-åringane utdelt Mi kyrkjebok 4.



Sundag 10. november inviterer vi til samling for alle 5-åringar i kommunen før gudstenesta i Brunkeberg kyrkje. På gudstenesta vil dei få utdelt ein adventskalender til bruk i heimen.

Laurdag 30. november til søndag 1. desember arrangerer vi LysVaken for 6. og 7. klassingar i kommunen. Den helga feirer vi 1. søndag i advent og eit nytt kyrkjeår tek til.


LysVaken vert arrangert i mange kyrkjelyder i landet for å feire det nye kyrkjeåret. Hos oss arrangerer vi LysVaken annakvart år. Det vert mykje kjekke aktiviteter både ute og inne. Vi skal ha festmåltid, sove i kyrkja og delta på gudstenesta mellom anna.



Konfirmantane har samlingar ein del torsdagar rett etter skuletid. Dei vil òg delta som ministrantar på gudstenester utover hausten.

Har du innspel til tilbodet for barn og ungdom, så snakk gjerne med trusopplærar Brit Helen Finstad om det.

Fellestur til Oberammergau-spelet med mykje meir



4. -12. juli 2020 arrangerer kyrkja i Øvre Telemark prosti felles tur i samarbeid med LB-TUR til pasjonsspelet i Oberammergau.

På turen får ein òg gå i fotspora til både Luther, Bach og Bonhoeffer. Reisa går innom Eisenach og middelalderborga Wartburg, der Luther omsette nytestamentet til tysk. I Oberammergau får ein sjå det tradisjonsrike Oberammergau-spelet som vert framført kvart tiande år.

Turen går vidare til Brechtesgaden med besøk i det berømte «Ørneredet». I tillegg til bussreisa med moderne buss, vert det både gondoltur i Seefeld og

båttur på Königssee. Det vert òg besøk i konsentrasjonsleiren Gedenkstätte KZ Flossenberg. I både Dresden og Leipzig følgjer turen i spora etter Johann Sebastian Bach. Kvar dag vert det tidebøn i ulike kyrkjer langs vegen. Pris vert om lag 17 500,- for dobbeltrom, noko tillegg for enkeltrom. Prisen dekkjer buss, ferje, hotell, frukost og middag, pasjonsspelet, besøk i borga i Wartburg og i «Ørneredet».

Reiseleiarar er Rune Lia og Dagfinn Køhn. Påmelding til éin av desse:

Rune Lia: mob. 909 80 803, e-post: rune.lia@notodden.kirken.no
Dagfinn Køhn: mob. 970 42 675

«TRØ VARLEG»

Konsert i Kviteseid kyrkje fredag 22. nov kl.19.00

Som menneske er me på vandring frå fyrste pust til siste andedrag. På denne reisa formast livsramma, våre pustehol og mellomrom. Me møter menneske i ljose dagar og mørke stunder; opplever naturen og alt levande, kjenner på einsemda og det sårbare i livet. Dette kan me føle og tale om, dikte og syngje om. Mange har gjort det, og ein dag stansar nokon og seier: «Dette vil me gjere noko med.»

No har fire med nær tilknytning til Kviteseid, gått saman i eit musikalsk prosjekt om reisa i livet. Gunstein Draugedalen og Olav Mosdøl har lang

erfaring bak seg når det gjeld tekst, musikk og song. Dei har hatt konsertar i lag, og no har Gunstein tonesett 16 av Olavs songar. Dei har hatt fint samarbeid med Trond Akerø-Kleven (organist) og Jan Bjøranger (fiolinist). I sommar hadde dei inspirerande samvær i Åssiden kyrkje i Drammen, der Trond er organist. Dei har spela inn ein ny CD med arbeidstittelen «Trø varleg». Den skal presenterast av Grammofon AS den 15. november. Fredag 22. november kl. 19.00 blir det konsert i Kviteseid kyrkje. Aktørane håpar på stor oppslutning og ønskjer alle velkomne til kyrkja.



Innspeiling i Åssiden kyrkje i Drammen, sist i juni 2019. F.v.: Trond Akerø-Kleven, Jan Bjøranger, Gunstein Draugedalen, Olav Mosdøl

Vigde

Brunkeberg: Anita Larsen
og Kristian Frette

Fjågesund: Amalie Bjerke Gravir
og Vegard Nordstoga

Kilen: Linn Therese Nordskog
og Espen Fjeldvær

Kviteseid: Hildegunn Vik
og Andreas Salmelid

Signe Lundeberg
og Eyolf Bakke-Erichsen

Margrethe Elise Rohde
og Jørn Breidalen

Vrådal: Carina Sandal
og Sverre Wøien Nordbø

Døde

Brunkeberg: Gudrun Haugan
Einar Olav Dalen
Gerd Angell Nordskog
Magne Kvålseth

Fjågesund: Kristoffer Haugan

Kviteseid: Aud Guttormsen
Jon Berge
Signe Sørkås
Frida Haugen Berg
Harald Holte
Tarjei Gotuholt
Ingvald Sigurdslid

Døpte

Kviteseid: Ida Haugen Skogheim

Brunkeberg: Mikkel Grønlid Moen
Sølve Mostøyl Bjåland

Meir himmel på jorda

Kyrkjevalet - Kviteseid sokneråd

Takk til alle som avla stemme i årets kyrkjeval. Her er det nye soknerådet som trer i kraft 1. november i år.

MEDLEMMER:

1. **Marit Gotuholt**, f. 1966, adjunkt m/tillegg, Kviteseid
2. **Dagfinn Jone Køhn**, f. 1951, pensjonist, Kviteseid
3. **Unni Snaunes**, f. 1960, barne- og ungdomsarbeidar, Vrådal
4. **Toralf Grave**, f. 1953, pensjonist, Kviteseid
5. **Anne Marit Sørby**, f. 1952, rekneskapsmedarbeidar, Vrådal
6. **Gudrun Nordbø Venås**, f. 1970, rekneskapsrådgjevar, Vrådal
7. **Sigrid Garvik Moen**, f. 1955, adjunkt, Kviteseid
8. **Vidar Syrtveit Mikalsen**, f. 1968, adjunkt, Kviteseid

VARAMEDLEMMER:

1. **Vigdis Helene Bruhaug**, f. 1950, pensjonist, Morgedal
2. **Aud Turid Fjågesund**, f. 1962, assistent, Fjågesund
3. **Inge Waldenstrøm**, f. 1953, pensjonist, Kviteseid
4. **Eva Lisbeth Lier**, f. 1957, pensjonist, Ordal
5. **Jan Rune Bjørnson**, f. 1965, adjunkt, Kviteseid

Oppslagstavla

Ønsker du skyss til gudsteneste?

Ring kyrkjeverje Kristen Salmelid på tlf. 35 06 81 31 eller Kirsti Skjæveland, tlf. 412 64 364.

Kyrkjelydens føremiddagstreff på Misjonshuset

23. oktober kl. 11
11. desember kl. 11

Kyrkjelydsbasar

30. november kl. 09.30-13.30
på Misjonshuset

Felles bøn for Kviteseid er på Betel siste onsdag i månaden kl. 20.30.
30. oktober - 27. november

Vrådal Normisjon

Sal av Bedehuset, som det er skrive om i VTB i vår, blir ikkje gjennomført med det aller fyrste. Derfor er det sett opp eit ordinært møteprogram for hausten. NB: Alle samlingane vil bli haldne på Bedehuset.

Oktober

Ons. 2. okt. kl. 18,30
Kveldsmat, bibeltekst og samtale.
Sun. 20. okt. kl. 16
Songsamling.

Ons. 30. okt. kl. 18,30
Kveldsmat, bibeltekst og samtale.

November

Sun. 17. nov. kl. 16 Songsamling.
Ons. 27. nov. kl. 18,30 Kveldsmat, bibeltekst og samtale.

Desember

Sun. 8. des. kl. 16 Songsamling.

Misjonshuset Kviteseid Normisjon:

Oktober

15.10. kl. 19.00 Tysdagsmøte – Kjell Johan Nenseter
22.10. kl. 19.00 Fellesskapskveld – Øyvind Jørgensen
27.10. kl. 11.00 0-100 – Ansgar bibelskole deltek, tale ved Hans Olav Hardang
29.10. kl. 19.00 Tysdagsmøte – Ole Andre Eliassen

November

05.11. kl. 19.00 Tysdagsmøte – Bjørn Lauritzen
10.11. kl. 11.00 0-100 – Sam Tore Bamble
12.11. kl. 19.00 – Tysdagsmøte – Terje Olafsen
19.11. kl. 19.00 – Tysdagsmøte – Inge Håvard Jore
24.11. kl. 11.00 0-100 – Dag Erik Asdahl
26.11. kl. 19.00 – Tysdagsmøte – Tor Egil Abrahamson

Desember

03.12. 19.00 Tysdagsmøte – Knut Bjørn Skyttemyr
08.12. 16.00 Adventfest – Livar Veggeland
10.12. 19.00 Tysdagsmøte – Møyfrid Lunde



Gudstenester

RETURADRESSE:
KYRKJEKONTORET
KVITeseIDGATA 13
3850 KVITeseID

OKTOBER

Sun 20. 19. søndag i treeiningstida,
Luk 9, 57-62 Kviteseid kl. 11.
Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd.
Barnegospel syng.

Sun 27. Bots- og bønedag,
Luk 15, 11-32 Vrådal kl. 11. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde.
Ofr. Institutt for Sjelesorg

NOVEMBER

Sun 3. Helgemessesundag,
Jes 60, 18-22 Kviteseid kl. 11.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Sundagsskule.

Sun 10. 22. søndag i treeiningstida,
Luk 10, 25-37 Brunkeberg kl. 11.
Familiegudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Barnegospel. Utdeling av
adventskalender til 5-åringar.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

Sun 17. 23. søndag i treeiningstida, Matt
24, 35-44 Kviteseid kl. 11. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd. Sundagsskule.
Ofr. Kvitsundrussens prosjekt

Sun 24. Inga gudsteneste

DESEMBER

Sun 1. 1. søndag i adventstida,
Matt 21, 10-17 Kviteseid kl. 11. Familiegud-
steneste. Møyfrid Lunde. Nattverd.
Ofr. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.
Lys Våken.

Sun 8. 2. søndag i adventstida,
Joh 16, 21-24 Brunkeberg kl. 11.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde. Nattverd.
Ofr. Stefanusalliansen.

Sun 15. 3. søndag i adventstida,
Joh 5, 31-36 Kviteseid kl. 18. Julekonsert.
Møyfrid Lunde Of. Kyrkjelydens
misjonsprosjekt 2017-2019

Sun 22. 4. søndag i adventstida,
Matt 1, 18-25 Kilen kl. 16. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd
Ofr. Kyrkjelydens misjonsprosjekt
2017-2019. Eit annleis jolebord.

Tys 24. Jolaftan,
Luk 2, 1-20 Fjågesund kl. 12.45.
Gudsteneste. Møyfrid Lunde.
Ofr. Kirkens nødhjelp.

Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Of. Kirkens nødhjelp.

Brunkeberg kl. 15.00 Gudsteneste.
Ofr. Kirkens nødhjelp.

Kviteseid kl. 16.15. Gudsteneste.
Møyfrid Lunde. Of. Kirkens nødhjelp.

Ons 25. Joledag,
Joh 1, 1-14 Kviteseid kl. 11.00
Høgtidsgudsteneste. Møyfrid Lunde.
Nattverd. Of. NMS.

Vrådal kl. 13.30. Høgtidsgudsteneste.
Møyfrid Lunde. Nattverd. Of. NMS.

Tys 31. Nyttårsaftan,
Matt 11, 25-30 Kviteseid kl. 23.15.
Gudsteneste. Nattverd.

